
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: fredag 1. desember 2017 13:59
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Eilin Houlison Molvik
Emne: Uttale - Lindås - Gnr 245 bnr 18 - Tilbygg fritidsbustad riving av bod og naust riving / nybygg med båtopptrekk plating - Dispensasjon

Lindås kommune

Bergen 1. desember 2017

Vår ref: 17/13442

Dykkar ref: 17/2017 - 17/31622

Uttaletil søknad om dispensasjon - Tilbygg til fritidsbustad og naust med båtopptrekk og plating på gnr. 245 bnr. 18 på Kvamme, Lindås

Vi viser til oversending frå kommunen i saka.

Saka gjeld søknad om tilbygg til fritidsbustad og naust med båtopptrekk og plating på gnr. 245 bnr. 18 på Kvamme. Til søknaden høyrer det også med at eksisterande naust skal rivast for å gi plass til det nye. Ein bod knytt til fritidsbustaden skal også rivast. Søknaden krev dispensasjon frå byggeforbodet i § 1.8 i plan- og bygningslova og LNF-føremålet i kommuneplanen. Bruksarealet til tilbygget er på 66 m².

Eksisterande situasjon med fritidsbustad, bod og naust har einvesentleg privatiserande verknad på strandsona og har gitt strandsona eit bebygd preg. Fritidseigedomen ligg som eit markert landskapselement, og då særleg frå sjøsida. Dei omsøkte tiltaka vil forsterke dette bildet. Privatiseringsverknaden og byggepreget i strandsona vil auke. Tilbygget går også retning strandlina, noko som gjør at avstanden til sjø blir kortare.

Fritidsbustaden er også gitt ein omfattande storleik. Med tilbygg vil bruksarealet bli på næare 160 m², og bygget er i to fulle etasjar. Fylkesmannen meiner at det ikkje kan påreknast å få bygge såpass store byggverk i byggeforbodssona mot sjø. Vi vurderer også presedensverknaden som omfattande i denne saka. Ein dispensasjon her vil kunne bety at det ikkje blir satt grenser på storleiken på fritidsbustader i byggeforbodssona i kommunen. Av oversendinga er det ikkje lagt fram argument som forsvarer ein dispensasjon.

Omsøkt naust er større enn det naustet som står på staden i dag. Nytt naust er ca. 10 m² større i grunnflate og 1,5 høgare enn eksisterande. I tillegg vil plating og båtopptrekk i tillegg til naustet gjøre at det nye naustet vil framstå som lagt meir dominerande frå sjøsida.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering med grunnlag i oversendt dokumentasjon vil Fylkesmannen **rå i frå** dispensasjon til alle dei omsøkte byggetiltaka på gnr. 245 bnr. 18.

Med venleg helsing

Morten Sageidet
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal og samfunnsplanavdelinga
tlf: +4755572057

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)